


Venelaget

MEDLEMSHEFTE FOR
VENELAGET OLAV H. HAUGE,
STIFTA 1999

JUNI
2026



Omslag:

Logo av Kristian Krogh-Sørensen. Foto: Haugesenteret / Nynorsk kultursentrum

Layout: Ådne Dyrnesli

Produksjon: Make!Graphics AS, avd. Bergen

INNHALD

Bidragssytarane i dette heftet	4
Leiaren har ordet - <i>Ågot Gammersvik</i>	5
Mitt Haugedikt - <i>Geir Sigmund Netland</i>	6
Camilla Dankertsen les <i>Dropar i austavind</i> - <i>Torbjørn Ljones</i>	8
Å laga musikk av språket - <i>Ådne Dyrnesli</i>	10
Olav Nygard – ei stjerne i Olav H. Hauges litterære univers - <i>Ronny Spaans</i>	16
Poesifestivalen 2026 - <i>Jorid Lekve Eide</i>	22
Konsert med Juni Dahr på Poesifestivalen	25
Or Hauges dagbok	26
Årsmelding	28
Styret i Venelaget	30
Innkalling Årsmøte	31

BIDRAGSYTARAR I DETTE HEFTET

Ronny Spaans er professor i litteraturhistorie ved Universitetet i Oslo. Han forskar på nynorsk litteratur i førre hundreåret, forfattarar som Olav Nygard og Olav H. Hauge, og han arbeider for tida med ei bok om topografisk litteratur på 1600-talet. Han er òg medredaktør av Norsk litterær årbok.

Ågot Gammersvik er leiar av Venelaget Olav H. Hauge. Magistergrad i etnologi. Har vore direktør ved ulike museum, mellom anna Hardanger Folkemuseum og Maihaugen.

Torbjørn Ljones har vore rektor i vidaregåande skule i Lillehammer. Han har publisert artiklar og bøker med stoff frå Ulvik og Hardanger.

Jorid Lekve Eide er utdanna biletkunstnar frå Kunsthøgskolen i Oslo. Kom attende til heimbygda i 2014 for å arbeide med Poesifestivalen. Har sidan 2023 vore arenaleiar ved Haugesenteret i Ulvik.

Ådne Dyrnesli har bakgrunn som fotograf og journalist. Til dagleg arbeider han med kommunikasjon på Nasjonalmuseet. Han har ansvar for utforming og bildeutval i Venelagsheftet.

Geir Sigmund Netland er frå Bryne på Jæren, no busett i Ulvik. Han leia Haugesenteret frå 2013 til mai 2023, og mottok Amboltprisen i 2024. Netland var kinosjef på Bryne, Sandnes og i Stavanger, og er no frilansar og produsent.

LEIAREN HAR ORDET

Ågot Gammersvik

Endeleg kom våren til oss også i år! Her på Vestlandet har det gått litt i rykk og napp, med full varme i april og snøbyger i mai. Når Venelagsheftet skal i trykken, er bløminga i full gang, og blømingsturane til Hardanger er på sitt beste.

Men i år kan du gle deg til hausten, for i år er det Poesifestival i Ulvik 11.-13. september. I dette Venelagsheftet vil Jorid Lekve Eide, leiar i Hagesenteret, presentera programmet for Poesifestivalen. Som i år vil markera diktsamlinga «Seint rodnar skog i djuvet», som idag vert rekna som Olav H. Hauge sitt kunstnarlege gjennombrut. I år kan vi markera 70 års jubileum for diktsamlinga hans. Det er berre å gle seg til årets festival!

I dette nummeret held vi fram med å la medlemmane våre velja eit dikt og grunngjeva valet sitt. Geir Sigmund Netland har valt diktet «Syn meg åkeren din» frå diktsamlinga *Seint rodnar skog i djuvet*.

I artikkelen «Tanke og draum er himmelske køyrety» forklarar Ronny Spaans om kva dikteren Olav Nygard hadde å seia for Olav H. Hauge. Olav Nygard var den unge dikteren frå Modalen, som døydd ung av tuberkulose. Diktinga hans fekk mykje å seia for Hauge, og var ei viktig inspirasjons-

kjelde.

Torbjørn Ljones fortel saga om Camilla Dankertsen som les diktsamlinga til Olav H. Hauge *Dropar i austavind*, og har bestemt seg for å skriva oppgåve om diktsamlinga frå 1966.

Ådne Dyrnesli har skriva ein artikkel om «Å laga musikk av språket». Her intervjuar han rapparen Runar Gudnasson frå Side Brok, som har hatt stor suksess med å rappa på dialekt. Nyleg fekk han Noregs Mållags Målpris. Han har sampla Hauge og refererer til dikta hans i fleire tekstar.

Venelaget Olav H. Hauge skipar til konsert i eplehagen Rossvoll laurdag 12. september kl 14. Skodespelar Juni Dahr har invitert med seg jazzmusikarane Tore Brunborg og Per Oddvar Johansen for å skapa førestillinga «Du var vinden» basert på Olav H. Hauge sine dikt.

Seinare laurdag kl.16 held Venelaget for Olav H. Hauge årsmøte i heimen på Rossvoll. Vi sender difor ut invitasjon til årsmøte saman med årsmelding i dette heftet.

Vi ynskjer deg ein retteleg god sommar og vonar du vil finna interessant lesestoff i dette heftet.

Hjarteleg velkommen til Poesifestivalen og til Ulvik 11-13. september!



Edvard Munch, *Mannen i kålåkeren* (utnsitt), 1916. Foto: Nasjonalmuseet / Børre Høstland

MITT HAUGEDIKT

Geir Sigmund Netland

Syn oss åkeren din

Møt ikkje med:
gøyande hund,
hotande hand,
trakk ikkje i rugen!
Men syn oss åkeren din
ei morgonstund!

Seint rodar skog i djuvet, 1956

I desse urolege tider, med konflikтар og krig i våre nærrområde og ute i verda, trøystar eg meg ofte med Hauge sine dikt. Her kan eg finna håp, visdom og kloke tankar om forsoning.

«Syn oss åkeren din» er eit slikt dikt. I møte med det ukjente kan me ofte føla oss truga og utrygge. Då er det lett å ty til avvising og aggresjon. Gøyande hund og hotande hand er ikkje noko løysing ifølgje den kloke diktaren. Ha respekt for naboen og dei som kjem uventa, trø varsamt!

Me har alle eit ansvar for å planta, dyrka fram og få nytt liv til å veksa. Morgonstunda er bilete på ein ny start og nytt håp. Diktet minner oss på kor viktig det er å vera til stades i desse stundene når den nye dagen kjem

med nye moglegheiter. Livet og naturen gror uavbrote i sin evige syklus. I det nære rundt oss kan me alltid finna håp og meining, også i dystopiske og dystre tider, då mykje verkar svart og fastlåst.

Tida med lever i no er full av frykt og krigsretorikk. «A Hard Rain's A-Gonna Fall» song Dylan under Cuba-krisa i 1962. Både styresmakter og me enkeltmenneske har eit ansvar for at verda ikkje eskalerer mot nye krigar og konfliktar. Når framtida verkar dyster, og me byrjar å marsjera i flokk, er det viktig å løfta fram visdomen og håpet som ligg i poesien.

Bob Dylan og Olav H. Hauge kan hjelpe oss med det.

CAMILLA DANKERTSEN LES *DROPAR I AUSTAVIND*

Torbjørn Ljones

Camilla har bestemt seg for å skriva oppgåve om diktsamlinga frå 1966. Boka har ho arva av Sjur Bu, onkelen som hadde budd på eitt rom og kjøken heilt til han døydde siste dagen han køyrde trikk frå Majorstuen til Nationaltheatret. Han rokk ikkje å grua seg til alderdomen. Lukka var at han hadde trykt på bremsen i tide før alt gjekk i veggen.

Ho bladde opp på side 9. Det var ei forteljing om ein ung gut med sjølv-mordstankar, noterte ho. Han stolte på at tanken på det evige livet kunne berga han gjennom døden til eit anna tilvære. Du-et i diktet kjenner den gamle forteljinga, og Camilla konkluderer med at diktet formidlar ei positiv

haldning til livet. Her er det mange ord ho ikkje har høyrte: morke og skrimsel, pråm og kalding. Dei høyrdest litt nifse ut, som bileta i ein skrekkfilm. I margin skriv ho: Modernisme?

Lettare å forstå var diktet på side 32. Ho lo inni seg og likte at diktaren leika seg med røyndomen. (Ho måtte skriva ord som *røyndom*, *me* og *varleg* for å få fem.) Nynorsk er ikkje for pyser, hadde Sverre Tveito sagt. Han var magister i metaforar. Diktet sitt sokalla handlingsplan var forteljinga om ein sauabonde på fortvila jakt etter smalen (sauene) i eit vestlandslandskap ho kjende frå ferieturar til Bu, den flataste staden i Hardanger. Men på begge sider av fjorden hang berga utover seg sjølve. Ekte poesi måtte setja kjensler



Foto: Torbjørn Ljones


i sving, det hadde Tveito sagt ofte. Han budde i oppgang to i Kjølberggata med utsikt til vegen heim, og bar kjenslene inni seg som eit ukokt egg.

Desse undarlege harane i siste verset skrur om heile diktet frå morosam forteljning til eit moralsk opprop. Camilla skreiv litt om alle som ikkje trudde på seg sjølve. Det var i tida å be dei finne fram trua på at det finst nok av merkelege dyr der ute som ein kunne vakna opp med.

Camilla Dankertsen likte korte skjørt og korte dikt, ikkje uendelege oppramsingar av ingenting. Frode Grytten var ikkje hennar cup of tea. Difor fann ho fram til det korte diktet Stettarbekken på side 69. Det handlar om Sjur, granen (naboen) som ikkje er dårlegare

enn at han (eller er det bekken) går i sikksakk opp det bratte berget. Men diktaren er forbanna på dei to trea som skyggjer (skuggar?) for utsynet. Sverre Tveito hadde vore nesten på gråten når han las diktet "Eg hogg ned den store apalen utfor glaset". Røysta brast når han med stor innleving lyfte høgrehanda som om han var diktaren og sa fram lina: "...um nætene låg eg ofte og lydde til susen i lauvet".

Konklusjon: Olav H. Hauge var i si dikting oppteken av å skriva seg utover dei tronge konvensjonane i Hardanger, men sette stor pris på utsikta frå huset sitt.



Runar Gudnason. Foto: Ådne Dyrnesli

Å LAGA MUSIKK AV SPRÅKET

Ådne Dyrnesli

Runar Gudnason frå Side Brok har hatt stor suksess med å rappa om heimbygda si, på dialekt. Nyleg fekk han Noregs Mållags Målpris.

Han har sampla Hauge og refererer til dikta hans i fleire tekstar. Likevel trur han Olav H. Hauge hadde vore ein dårleg rappar.

Kan du hugsa ditt fyrste møte med Hauge?

Nei, det er vanskeleg. Han er ein av dei som alltid har vore der.

Det store, avgjerande møtet var faktisk så seint som i 2008. Då var det Hauge/Tveitt-jubileet, og eg blei kontakta om å laga noko i samband med det, og det ville eg jo. Saman med Gabriel Fliflet på trekkspel, Snorre Bjerck på trommer, Benedicte Maurseth på fele og song laga eg ein konsert. "Om, til og delvis av Olav H. Hauge og Geirr Tveitt"

Då sette eg meg veldig inn i det. Las meg opp, las den tjukke Åmåsbio-grafien og vart veldig begeistra for diktninga.

Me hadde ein reggae, med Fliflet på

basstangentane på trekkspelet, Benedikte som song, og eg som rappa nokre vers om Hauge sitt forhold til Bodil Cappelen og korleis det skjedde.

Då me spelte den på Poesifestivalen, sat ho på fyrste rad, og strålte som ei sol.

Seinare skulle me spela på Universitetsbiblioteket i Oslo, og der kom Bodil igjen. Då hadde ho teke buss heilt heimanfrå, for ho skulle sjå den konserten ein gong til.

Den stillfarne fruktbonden Hauge og den urbane rappmusikken. Det er ein viss kontrast der, eller kva tenkjer du? Er det nokre likskapar?

Ja, massevis. Det er sjøvlst kontrast i kva ein skriv om, og rappen seier ting meir rett ut, men det er kjempe-mykje til felles.

Begge delar handlar i stor grad om å laga musikk av språket. Det er det Olav H. Hauge og mange andre lyrikarar også gjer. Dei vil fortelja oss noko, men det duger ikkje om ikkje musikken er bra. Det same med rapp. Du kan ha verdas beste tekst, men om du

ikkje har bra flow (framføring) så er det likegyldig.

Det handlar om å laga musikk av språket, det handlar om å fortelja oss noko, det handlar om å teikna bilde inni hovuda våre. Det har me så abso-lutt til felles.

Ei god diktsamling og ei god rapp-plate har også det til felles at dei skal vera godt selskap. Du vil vera inne i eit rom der du liker å vera, og der du kanskje lærer noko og får ei estetisk erfaring.

Hauge levde mesteparten av livet i Ulvik, og det kjem fram i dikta hans: frukttrea, landskapet og språket. Du rappar om lokale forhold, på dialekt. Ikkje minst heimbygda di Hovdebygda. Du har budd i Danmark i mange år, kvifor rappar du ikkje heller på dansk, kvifor rappar du på dialekt?

Eg har prøvd å rappa på dansk. Det er frykteleg vanskeleg. Etter nokre år i Danmark lærte eg meg å snakka ganske bra dansk. På ein god dag så kunne eg lura folk til å tru at eg var dansk, men ein ting er å snakka det, noko anna er å framføra på det språket. Det er frykteleg vanskeleg.

Ein vil alltid uttrykka seg best på sitt eige språk. Det språket ein lærte å snakka, det språket ein lærte å tenka på, det språket ein lærte å forhalda seg til omverda på. Så det skal veldig godt gjerast å få det til på eit anna språk. Ikkje minst å skriva presist og personleg.

Du må bruka deg sjølv. Det handlar mykje om å gje sitt syn på livet og verda vidare til lyttaren eller lesaren. Eg forstår verda hovudsakeleg gjennom

språket mitt, som er hovdebygding når eg snakkar og nynorsk når eg skriv. Det er det eg kan best.

Det har aldri vore aktuelt for meg å rappa på engelsk. Eg veit ikkje korleis ein uttalar Hovdebygda på engelsk. Det er jo opplagt å skrive mykje om heimstaden fordi det er det eg kjenner best. Plassen, meg sjølv og språket heng i hop. Det er vanskeleg å skilja dei frå kvarandre.

Når du budde i Danmark kunne du jo ha rappa på ditt språk om livet ditt i Danmark?

Ja, det kunne eg. Det at eg begynte å rappa om heime har fleire grunnar. For det fyrste handlar det om at eg skulle knekka nokre hiphop-kodar. Som alle andre, også Olav H. Hauge, så begynte eg med å etterlikna, for så å finna mi eiga stemme etter kvart.

Då gjer ein slik som rapparar gjer då: ein rappar om kor bra ein er, at ein er verdas beste rappar, og om kor bra plassen ein kjem ifrå er.

Det handlar jo sikkert litt om å forstå seg sjølv og kvar ein kjem frå, spesielt fordi eg var i Danmark. Ein får eit anna perspektiv på der ein kjem frå. Heile fyrste plata, "Høge Brelle", handla om heimplassen. Den blei tolka som ei stor hyllest til bygdekulturen, råning og alt det der. Meir enn me hadde tenkt. Derfor følgde me opp med andreplata, om at det ikkje er alt som er svært, det er også drit. Men den plata blei ikkje like populær.

Det er bra å ha eit utgangspunkt å skriva utifrå. Og som eg plar seia: Det skjer ikkje ein drit meir i New York enn det gjer i Hovdebygda. Akkurat dei

same tinga som skjer. Det er folk som elsker og hatar og ler og grin og sviktar. Det kan vera veldig greitt å snevra det heilt inn, for å gjera det universelt.

Hauge sleit jo psykisk. I dagbøkene sine skriv han om schizofreni og om “den andre mannen i meg”, om korleis han kunne “ta fyr”, og at det kunne vera både bra og dårlig.

I tillegg til å vera Runar har du fleire alterego i Side Brok-universet. Får du tak på noko ved å bruka fleire karakterar, som du ikkje får tak på når du er deg sjølv?

Ja, eller eg får i alle fall sagt andre ting. Grunnen til at det vart så mange karakterar var at eg ikkje hadde lyst å vera ein solo-rappar. Eg likte hip-hop-grupper. Digital Underground og Wu-Tang Clan, der det var mange forskjellige rapparar. I Digital Underground var det eigentleg berre ein eller to rapparar, men fullt med alias. Med forskjellige rapparar får du forskjellige uttrykk, som gjev ein dynamikk. Difor ville eg prøva ut mange forskjellige stilar, og difor vart eg mange forskjellige rapparar.

Eg fann og ut at det var kjekt å skriva frå forskjellige perspektiv. Eg var fem-seks stykk til å begynne med. Så kokte eg det ned til meg sjølv, altergoet mitt Thorstein Hyl III, og ein som heitte Sirkel Sag som var litt for rånete til å vera med i bandet.

På fyrste og andre plata er Sirkel Sag denne grufulle rånaren, som er heilt annleis enn meg. Han har til og med innslag av nokre homofobiske og sexistiske greier, som ligg veldig langt frå meg, for å få inn det verste

frå denne bygdis-typen. Så gjekk det nokre år, og eg vekte denne karakteren til live igjen, men då lagde eg han eigentleg berre til ei side av meg.

Når eg har forskjellige karakterar å skriva frå, så er det som ulike musikk-instrument.

Det er også eg som rappar Sirkel Sag, men då gjer eg om stemma mi.

Å, er det det?

Ja, det er det. Når eg gjer om stemma mi, er det andre ord som fungerer. Det handlar både om lyden av ord, og kva denne karakteren likar å rappa om. Det handlar meir om jordbruk, det blir eit anna univers.

Men det er ikkje du som har ansiktet til Sirkel Sag.

Nei, det var ganske bevisst for å forvirre folk, hehe.

Det funka på meg. Men Sirkel Sag er jo på mange måtar ikkje så ulik Hauge.

Nei, det kan godt vera nokre likheitar der. Tenker du på typen eller skrivinga?

Nei, typen. Litt stillfaren...

Aleine.

Ja, litt aleine og litt inneslutta, han har sine demonar virkar det som.

Heilt klart. Det er nok han som liknar mest på Olav H. Hauge, men dei skilst på den måten at Sirkel Sag kan også vera heilt hudlaust ærleg. Å utlevera desse demonane i diktinga.

Nei, eg har ikkje hatt noko tendensar til schizofreni. For meg er det jo ein



Runar Gudnasson. Foto: Ådne Dyrnesli

leik, som er givande fordi eg kan skrive frå forskjellige perspektiv og bruka dei som ulike instrument.

I rapp er det viktig med rim. Hauge dreiv med rim på starten, men så slutta han med det. Trur du det går an å rappa utan rim, om du har god nok flow?

Nja, altså... Heilt utan rim: Nei.

Men Hauge sin modernistsike lyrikk er heller ikkje heilt utan rim. Fordi rim er ikkje berre enderim, rim kan vere inne i setningane. Du kan leggja rim på uventa plassar der det ikkje er tydeleg for alle at det nødvendigvis er eit rim, men det er ein grunn til at den ordlyden er der, fordi det gjev ein musikalitet.

Det finst rapparar som brukar mindre rim enn andre. Ein som heiter Kujoh frå Goodie Mob, ei sydstatsgruppe som eg hørde veldig mykje på på 90-talet, han lagde vers der det er veldig veldig lite rim, men ein gløymer det, fordi han rappar med overtyding og flow. Du tenkjer fyrst over det når du hører det andre eller tredje gongen.

Rim er ein viktig byggestein, men det inneber også at du kan leika mykje med å plutseleg fjerna det. Som effekt. Mykje bra musikk, og anna kunst, handlar om gjentakingar, også plutselege brot. Men å fjerna rim heilt frå rapp, nei, er det ikkje det ein kallar slampoesi då?

Trur du Hauge hadde vore ein god rappar?

Nei.

Kvifor ikkje?

Han var ikkje tøff nok i trynet.

Han kunne vore god i slampoesi. Det var han forsåvidt. Det er heilt legendarisk det opptaket frå når han er på ein festival, og det sit mange hippiar som har oppdaga Hauge. Han stend der og lirar av seg "eg såg tvo månar" og alt det der. Han var veldig flink å lese. Eg diggar det. Eg diggar den "Mange års røynsle", der Ola E. Bø tok opp Hauge i Trondheim visstnok, i eit studio.

Og det fortalde han Ola E. Bø meg, at du hører små lydar innimellom, fordi han hadde eit gebiss som sat litt laust. Meiner det var det han sa. Etter han sa det blei eg heilt oppteken av å høyra etter på det, og har leika med tanken på å sampla det.

Om du må velja eit favorittdikt av Hauge, kva vel du då?

Sånne ting slit eg med! På mi topp-tre-liste over rapparar er det 50 stykk, hehe.

(Lang pause).

Nei, det er veldig vanskeleg! Det er meir ein masse av dikt eg likar veldig godt.

(Ny lang pause)

Eg trur eg vil slå eit slag for dei to månane eg. Kva er det det heiter no igjen? Det heiter ikkje to månar. Eg likar at det er humor i det. Det er ikkje det han er mest kjend for, men han hadde humor han også.

OLAV NYGARD – EI STJERNE I OLAV H. HAUGES LITTERÆRE UNIVERS

Ronny Spaans

*I fyrstninga av 1953 sat Olav H. Hauge i Ulvik og lydde på eit føredrag dikta-
ren Claes Gill heldt på radio. Der lyfte
Gill fram ein norsk poet som hadde
gått i gløymeboka: Olav Nygard, som
var fødd 1884 i Modalen, men døydde
ung av tuberkulose i 1924 i Oslo. Hau-
ge skriv dette i dagboka 20. februar:
«Og eg lyt segja han tok blodig hemn
på Nygards vegner, hemn over lunka
litteraturkritikarar og tronge estetika-
rar, som ikkje hadde skyna denne dik-
taren. For alle oss som elsker Nygard,
var det ein stor kveld.»*

Med utgjevinga av Hauges *Dagbok* i 2000, på nesten fem tusen sider, vart Hauges litterære «panteon» og den breie litterære orienteringa hans meir synleg. Der kjem det fram at Olav Nygard var ein av hans kjæraste lyrikarar gjennom heile livet. Dei to hadde mykje sams. Ikkje berre kom dei frå Hordaland, men som lyrikarar liknar dei kvarandre. Til liks med Olav Nygard gav Olav H. Hauge ikkje ut mange diktbøker. Nygard gav ut fire bøker, medan Hauge sju samlingar. Mange dikt i Hauges *Glør i oska* (1946) kan minne om dei beiske, mørke versa frå

Nygards tidlege forfattarskap. Frå *På ørnetuva* (1961) skjer det eit taktskifte hjå Hauge; han fylgjer i større grad eit modernistisk formspråk. Serleg dikta til Kristofer Uppdal i frie vers har vorte sedde på som Hauges inspirasjonskjelde. Vi kunne dermed tru at Nygard var ein diktar Hauge ikkje kjentest ved lenger. Men i alderdomen, 7. januar 1985, skriv Hauge til dømes dette om påverknaden frå modølen, saman med inspirasjonen frå Olav Aukrust:

Berre nokre strofor i nokre stykke eg las um dei, sette meg slik i øsing at det er ikkje råd å finna ord for det. Nokre vers av «Ljåmannen» i eit stykke i *Norsk årbok* til dømes, eller eit lite dikt eg såg av Aukrust i eit jolehefte. Heilage saker for meg!

Det er så mykje som 180 omtaler av Nygard i dagboka til Hauge. Olav Nygard er dermed ein av dei forfattarane han nemner flest gonger. Ein kan trygt seia at Nygard er ei underkommunisert inspirasjonskjelde for Hauge. Det er den høge livsmoralen like mykje som dei høge litterære og åndelege ideala som fascinerer skalden i Hardanger. Hauge, som sjølv møtte motgang i det



Olav Nygard. Foto: Frå For bygd og by, 23. februar, 1924, nr. 4.

vesle bygdesamfunnet i Ulvik, og sleit med sjukdom og dårleg sjølvbilete, fann eit førebilete i dikteren frå vestlandsfjorden lenger nord, i Modalen. Her eit sitat frå juli 1951:

Nei, Olav Nygard, du kjende ålvoret, du visste kva det vil segja å sitja ved anns manns bord, men kven har nått høgare enn du? Du visste kva verdiar var, det er ikkje alle som skynar det. Du vart aldri feit og mett, du gjekk på botnen, ein grå arbeidsmann, men på same tid ein åndsens adelsmann.

Nygard får dermed ei rolle som eit moralsk ideal i dagboka: Modølen blir ein prøvestein som Hauge testar andre diktarar på. Eit refreng i dagbøkene er skilnaden mellom Olav Nygard og Tor Jonsson: «Det er ingen skilnad på byrgleiken hjå denne fatige snikkaren i Modalen og ein adelsson som Shelley. Dei trør berre åndsens veg, og veit han er like tung anten du er rik eller fatig. (...) Jonsson klagar og er full av beisk harme mot bygdi og barndomen» (våren 1952). Nygard og Hauge hadde det metafysiske synet på litteratur sams, og også den høgnorske rettskrivinga. Men dei hadde òg noko sams som ikkje var så heppeleg: Den sjølvkritiske haldninga til eiga dikting førde til at dei begge forkasta og brennde diktskisser som i dag ville hatt litteraturhistorisk verd. Aasta M. Bjorvand Bjørkøy har vist med *Eit dikt vert aldri ferdig. Teksthistorien til Olav H. Hauges dikt* (2016) korleis dikt eigenleg «aldri blir ferdig» hjå Hauge, gjennom endringane han gjer i versa sine kvar gong *Dikt i samling* kom ut i ny utgåve. Nygard endra ikkje så mange dikt,

men kasta haugevis med utkast og skisser.

Poeten Frank Frode (pseudonym for Frank Olsen) blir nemnd fleire gonger i Hauges *Dagbok*; dei delte ei sams interesse for Nygard. Dei møttest, og då var det truleg Olav Nygard dei tala om. Det same gjeld ein annan vestlandsk diktar og omsetjar Olav H. Hauge hadde kontakt med, Johannes Gjerdåker. Gjerdåker frå Voss var ein av dei store talsmennene for Nygards poesi gjennom føredrag og artiklar i blad og bøker. Alle desse tre diktarane – Frode, Hauge og Gjerdåker – skreiv vers inspirerte av modølen. I det åndelege «Det eine» av Gjerdåker, frå *Skot på gamal stuv* (1978), heiter det at «bak førehenget er vår synsvidd kort», men når førehenget rivnar, ser ein «gjenom draum og skuggespeil».

I 2018 gav enkja etter Hauge, Bodil Cappelen, ut eit upublisert manus av mannen sin, *Seljefløyta* frå 1938. Boka inneheld overraskande mange Nygard-inspirerte dikt, som det mektige «Sumarmorgon i Ulvik» – eit lovkvæde til heimstaden til dikteren i åtte strofer, forfatta i *ottava rima* – som er den strofeforma Nygard spesialiserte seg på. *Seljefløyta* inneheld òg ei livsglede og eit overskot som sjølv debutten ikkje hadde, og som Hauge truleg hadde frå Nygard. Men skal eg sitere eit «nygardsk» dikt hjå Hauge, må det bli «Gartnaren drøymar» frå *Glør i oska* (1946). Her fylgjer den siste strofa:

Me gløymer elsk og arbeid, kvardags-
huggen,

for fjerre draumar dreg oss som i tog.

Vårt liv er berre gråe armodsskuggen

mot gudelivet som vårt auga såg

då æva i ein bråblenk skauv frå gluggen

og viste oss kvar lukkelandet låg.

Og livet vert ein draum – ei geil som blenkjer

mot venleikshimlar som vår jordskuld krenkjer.

Dette himmelske språket, om vi kan omtala ordbruket slik, er erke-nygardsk. Ein stad i *dagboka* (16. mars, 1959) skriv Hauge: «Tanke og draum er himmelske køyrety». Denne setninga har vorte bruka som ein karakteristikk på Hauges skrivemåte. Det er det også, men Hauge skriv setninga ned i samband med eit notat om Nygards poesi. Det er altså truleg Nygard som Hauge fyrst hadde i tankane, då han fann på desse fløygde orda.

Olav H. Hauge diskuterer i *Dagboka* ein dom over modalsdiktaren som har dukka opp hjå ulike litteraturvitarar: Olav Nygard som «forseinka romantikar». «Det er lite som tyder på at Olav Nygard var oppteken av moderne tendensar i diktinga», heiter det hjå ein litteraturvitar. Når ein les dette, får ein tokken av at Nygard ikkje hadde fylgt med i timen, ja, at han var heilt utan samtdisorientering. Problemet er at litteraturvitarar har sett litteraturhistoria reint isolert som eit stilistisk fenomen – uavhengig av språk, politikk og samfunn – og halde seg med ei *modernistisk forløyising* som litteraturens endepunkt. Dette synet har dei fleste litteraturvitarar gått bort ifrå i dag. Nygard såg litterær skaping nært i samheng med eit *språkleg og kulturelt*

forløyisingssprosjekt: Det galdt å fullføre Ivar Aasens målreising av landsmålet til europeisk kulturspråk. Det er ein tanke som Olav H. Hauge deler.

Einast i dette nynorske perspektivet kan vi verkeleg tala om Nygard som ein «romantisk» diktar. Olav H. Hauge legg fleire gonger vekt på at nynorskforfatarar må lesast i ljøs av målsoga. Alt i 1957 skriv han, etter å ha lese Johs. A. Dales biografi om Nygard: «Nynorsk, som er eit nytt skriftmål, fekk ingen slitasje i romantikken; difor tolest Nygards form godt, ja, ho verkar ny og ekte. Me kunde gjerne havt mange fleire som dyrka hans klassiske form, for mykje av det som har vore skrive dei siste 50 år er for laust.» Han skriv nokre år seinare (13. mars 1966) at «Nynorsk lyrikk er i ei eigi stode»; det tyder at nynorsken måtte på sin eigen måte bli utforska og utprøvd gjennom litterære uttrykksmåtar og stilartar før målet kunne kallast eit fullverdig kulturspråk. Hauge skriv:

LITT NORSK. Nynorsk lyrikk er i ei eigi stode. Me har so mykje å ta att. Aasen og Vinje har mykje av det 18 hundraåret, den som på høgd med si tid er Garborg. Ørjasæter, Aukrust, Nygard er våre romantikarar. Uppdal og Vaa og Vesaas er på høgd med si tid, eit undantak att, som Garborg. Og no ser me at modernismen har me stort sett til godar, den ser ut til å koma no, 50 år etter Europa elles. Det som er det gleden er at alle desse er ekte diktarar som det er ei glede å lesa, kvar stilperiode ein so vil peta dei inn i. Kva ein skal rekna Holm for, veit eg ikkje, men ein atavisme er det, og venteleg utenkjeleg i eit anna språk, på grunn av vår sereigne språklege og kulturell utvikling. Det



Olav Nygard Foto: Ukjend

som er det store er at diktarane har hatt mod å gå desse vegane og gjera dei storverk, som dei har kjent pålagde seg. Dei har kjent seg som talsmenn for eit folk, og har ikkje kjent det som si oppgåve å uttrykkja nett sine personlege sviv.

Dette er ei av dei store innsiktene i Huges dagbok og til stor hjelp for oss i dag for å forstå nynorsk mellomkrigs-litteratur. «Atavisme» viser til det at «ein tidlegare eigenskap som ikkje lèt seg påvise i dei mellomliggjande ættledene, kjem att i ein seinare ættled». Denne eigenskapen knytter Hauge til den kanskje mest sereigne dikteren i norsk litteratur, Hans Henrik Holm, forfattar av *Norsk folkeepos* 1–7 (1965–71), på ein setesdalsknær nynorsk. Denne dikteren er òg nesten gløymd i dag og har vorte sedd på som for arkaisk for si tid, nett som Olav Nygard. Men i perspektivet til Hauge stig Holm fram som ein viktig diktar i nynorsk litteraturhistorie. Jamfører vi stoda med andre små europeiske språk- og kulturreisingar i same tidsperiode, finn vi likskapar. Den irske modernisten William Butler Yeats har til dømes mykje sams med Olav Nygard, og Olav H. Hauge med.

Det er mange andre forvitnelege omtaler av Olav Nygard i dagbøkene. Mange av dei vitnar om djup kjennskap til dikta hans. Mange av dei beste analysane av Nygards dikt finn vi altså hjå Hauge. Eg oppmodar difor lesaren til å gå på skattejakt i Huges dagbøker. Sjølv seier eg til studentane når eg underviser i nordisk litteratur, at vi ikkje har betre litteraturhistorisk opp-

slagsverk i Noreg enn desse dagbøkene, både over nordisk og internasjonal litteratur!

Eg avsluttar med eit siste sitat som viser ein viktig skilnad mellom Hauge og Nygard. Mange stadnamn i Huges poesi kjenner vi att frå Ulvik i landskapet ikring, som Osa og Vassfjøro. Det er ikkje mange konkrete stadnamn i Nygards poesi. Det er ein annan grunn til at Nygard ikkje er så kjend: Vi har ein tendens til å like diktarar som skriv om heimtraktene våre. Men nokre stadnamn finst i poesien til Nygard, som «Saatehonn», «Saatestølen» og «Vangedalen». Dei fyrste namna er frå diktet «Minnevigsle». Finst dei i Modalen? Olav H. Hauge gjorde ei reise til Modalen, 15. juli 1974, til ei markering av Nygards fødselsdag. Ved Krossen, heimplassen til Nygard, kom han i tale med ein gamal «gardbrukar frå ein gard til bytes med Nygard»:

Eg spurde han kvar Såtehonn var. Nei, ikkje noko fjell hadde det namnet der ikring. Såtestølen, sa eg. Nei, ingen støl i Modalsfjelli heitte det. Javel. Det sa meg mykje. Nygard dreiv ikkje naturskildring i realistisk meining. Diktingi hans er eit imaginært univers, typisk for den symbolisten han var. Likevel, det er mangt som minner um naturi, ei typisk våt frodig Vestlandsnatur i dikti hans.

Denne teksten er lett omarbeidde sider av boka: Mellom himmelsyn og avgrunn (2024). Villanden forlag

POESIFESTIVALEN 2026

Jorid Lekve Eide

Det er festivalår. Haugesenteret ynskjer velkomen til Poesifestival i Ulvik 11.–13. september.

Seint rodnar skog i djuvet

Tema for Poesifestivalen er diktsamlinga *Seint rodnar skog i djuvet* av Olav H. Hauge.

Diktsamlinga med den løyndomsfulle tittelen kom ut i 1956, og vert i dag rekna som Hauge sitt kunstnarlege gjennombrut. Diktsamlinga fylgjer årsyklusen frå haust via vinter til vår, i ei rørsle som òg speglar det lyriske eg-et si indre verd. Eg-et lever i ekstatiske syn av vinterstjerner og «skogdrøymd elv», men vert slått tilbake av einsemd og eit «steintungt hjarta». Rytmen og klangen i dikta gjer at fantasiane om mennesketomme landskap vert intense og vakre, men der går det vel ikkje an å leva? Når våren brest fram, gjev det håp om at ein fellesskap kan bli verkeleg, òg for diktaren.

Diktsamlinga har gått frå å bli avskriven som uviktig, til å bli skatta som ei sentral overgangsbok i forfatterskapen til Hauge. Det er her Hauge finn seg sjølv som poet, og det er i denne samlinga me finn eit av Hagues kanskje aller beste dikt, sonettedik-

tet "Gullhanen", som lyfter Hauge opp på eit internasjonalt nivå som forfattar. Gjennom årets festival ynskjer me å bli meir fortrulege med denne diktsamling av Hauge.

Årets festivalpoetar

Poesifestivalen byr på poetiske møte med både etablerte og unge talentfulle lyrikarar som syner mangfaldet i norsk samtidslyrikk. Lyrikk er eit litterært uttrykk som høver særst godt til framføring, og diktlesing har difor ein sentral plass i programmet.

Hilde Myklebust og Casper André Lugg er poetar som begge skriv fram naturen og landskapet som rom for erfaring, og står slik i ein spanande dialog med årets festivaltema. Myklebust har markert seg som forfattar for både vaksne og born, og er festivalaktuell med diktsamlinga *Kvit stig morgon skir* frå 2025. Lugg har sidan debutten i 2011 gitt ut ei rekkje kritikarroste diktsamlingar. I fjor kom *tilhørighetsterklene*, som er hans niande diktsamling.

Lyrikar Torild Wardenær kjem til Poesifestivalen for fyrste gong. Wardenær debuterte med *I pionertiden* i 1994 som ho fekk Aschehougs debutantpris



Haugesamtalen med Jo Eggen og Ingrid Nielsen. Foto: André Nesheim.

for, og har sidan gjeve ut ei rekkje diktsamlingar. I den nyaste boka hennar, *Eks jordisk*, krinsar dikta rundt tap av natur og biologisk mangfald. Dikta er detaljrike, vakre og vemodige.

Publikum får gleda av å møte desse og fleire poetar i opplesingar og samtalar under festivalen. Alle inviterte poetar og forfattarar vert offentleggjorde i fullprogramslepp den 15. juni.

Diktsamlinga *Seint rodnar skog i djuvet* står i sentrum av årets lyrikkseminar. Her møter du Elin Stengrundet, Fredrik Parelus og Hadle Oftedal Andersen, som diskuterer nettopp denne diktsamlinga. Ho fekk dels hard kritikk då ho kom, men inneheld dikt som er mellom dei aller sterkaste Olav H. Hauge skreiv. På seminaret skal me bli betre kjende med samlinga, ei overgangsbok der Hauge finn seg sjølv som diktar. Seminaret finn stad fredag føremiddag i Haugesenteret.

Songlyriske høgdepunkt

Festivalen byr òg på engasjerande og stemningsfulle musikalske opplevingar med Valkyrien Allstars, Tønes og Pumpegris.

Valkyrien Allstars kjem tilbake til Ulvik, no med si nye plate *Venter på noen som venter på noen* (2025), og lovar ei energisk og tekststerk oppleving. Tønes – ofte kalla ein Dylan på dialekt – tek med seg sitt ellefte album, *I år gjør me det heilt enkelt* (2025), og eit underfundig og humoristisk låtrepertoar til scena.

Folkemusikkfenomenet Pumpegris er òg klare for Poesifestivalen, og kjem for å spreie norsk folkemusikk med fest og faenskap – nett slik han

oppstod. Med vokalist Vera Sonne i front rører bandet seg mellom kveding og rapp og fangar det dansande drivet i folkemusikken!

Fleire konsertar kjem til med fullprogramslepp 15. juni. Fylg med på nynorsk.no

Frivillige

Våre gode frivillige er alle med på å gjera Poesifestivalen til ei unik oppleving for både utøvarar og publikum. Vil du vera med på laget som lagar fest, moro og unike opplevingar i Ulvik i september? Me treng fleire frivillige på poesilaget!

Innsatsen til dei om lag 60 frivillige er heilt avgjerande for at me skal få til ein tredagars poesifest her inst i Hardangerfjorden. Festivalhjula går ikkje rundt utan desse engasjerte frivillige, seier programansvarleg Ingeborg Langballe Storebø.

Som frivillig på Poesifestivalen får du gode opplevingar i eit godt fellesskap. Du får òg nye bekjentskapar med deg på vegen.

Les meir om å vera frivillig på nynorsk.no

Om du ikkje alt har skjønt det, hald altså av helga 11.–13. september og legg turen til Ulvik. Me håpar å sjå deg til poetisk folkefest i Cittaslowbygda her inst i Hardanger!

KONSERT MED JUNI DAHR PÅ POESIFESTIVALEN



Foto: Alfredo Barbuti og Anders Lien.

Konsertførestillinga "Du var vinden" skal visast på Rossvoll i Ulvik laurdag 12. september kl 14.00. Scenen er sett i eplehagen til Olav H. Hauge. Førestillinga er ein del av Poesifestivalen 2026.


Skodespelar Juni Dahr har invitert med seg jazzmusikarane Tore Brunborg og Per Oddvar Johansen for å skapa ei konsertførestilling i Hardanger under Poesifestivalen 2026. Dikta til Olav H. Hauge har inspirert til ei ny framføring og konsert heime i tunet på Rossvoll, der Olav H. Hauge budde.

Olav H. Hauge levde heile livet som fruktdyrkar i Hardanger. Dikta hans handlar om kvardagen, om dagleglivet og naturen ikring. Men ein finn også mange andre tekstar, til dømes i Hauge sine dagbøker.

Juni Dahr fekk møta Olav H. Hauge fleire gonger, og let seg inspirera av dikta og tekstane hans. Hauge overvar førpremieren på den nynorske versjonen av Jeanne d'Arc, som Juni Dahr framførte i Seljord i Telemark, og dei fekk ein god samtale i etterkant av førestillinga.

OR HAUGES DAGBOK

1976



Frå Hauges dagbok. Foto: Alf Gunnar Eritsland

18. juni 1976

Fint vær um dagane. Kjøpt motorslåmaskin (kr. 8000). Olav Skjeldal har slege for meg no fyrste gongen. Prøvde elles eit nytt bryne i dag. Eg fann det på havsstrand i nord for Reykjavik fyre jol, hadde vel fylgt med noko skrap som var tømt der ein gong. Det var ikkje brukt. Jau, det vart godt bit i ljaen. So dei har hatt brynestein på Island. Skal ein tru sogone, hadde dei gode bitjarn; dei hogg av både armar og bein, og stundom bul og hovud med. Gode bryne er elles vanskeleg å få tak i no; fyrr hadde handelsbryne frå Gotland, hugsar eg; her i fjorden kom dei frå Årekol, der laga dei bryne. No støyper dei bryne. Det er ikkje så gode som steinbryni.

23. august 1976

STUTTORG. Det er på tide å segja noko om stuttorvet. Det held på og gjeng or bruk. Det beste stuttorvet eg har hatt i hender, var eit orv Ivar Hallanger hadde laga. Modellen, skapet, var vel ikkje hans, det var vel slik dei gamle på Hallanger vilde eit orv skulle vera. Det fall slik i handi, at det kunde ikkje gjerast betre, det var fullkome.

No i sumar såg eg stuttorv i Haugsbygdi på Sunnmøre. Hadde gamle Ivar Hallanger set det vilde han ha grete. Det såg ut noko slik: (sjå bilete)

Men når dei ikkje hadde vore vane med noko anna, kunde dei sikkert slå godt med det óg. Far laga gode stuttorv; men likevel trur eg orvi til Ivar Hallanger var betre. Lærdølane hadde no ein gong ikkje så mykje bruk for stuttorv som ulvikjene.

HAR DU BETALT LAGSPENGAR FOR 2026?

250kr
Vipps til #586853

Eller betal til konto
3450.30.01960
ved kasserar
Anders Opheim
Hjeltnesveien 109
5730 Ulvik

Hugs namn, adresse og
e-post.

ÅRSMELDING

Om verksemda i Venelaget Olav H. Hauge, 10.09.2024 til 10.09.2026

Val årsmøte september 2024

Ågot Gammersvik, leiar, ny
Guri Hjeltnes, attval
Alf Gunnar Eritsland, styremedlem
Ingebjørg Winjum, styremedlem
Håkon Gjerde, styremedlem
Nils Vidar Vambheim, varamedlem
Ådne Dyrnesli, varamedlem, ny

Rekneskapsførar Anders Opheim
Revisor Asbjørn Børsheim
Valnemnd: Nils Vidar Vambheim, Magne Velure og Torbjørg Ljones
Det vert i denne perioden arrangert årsmøte med to års mellomrom.

Styret konstituerte seg slik 10. september i Ulvik

Ågot Gammersvik, styreleier, vald av årsmøte
Guri Hjeltnes, nestleiar
Ingebjørg Winjum, referent
Håkon Gjerde, styremedlem
Alf Gunnar Eritsland, styremedlem, redaktør for Venelagsheftet
Ådne Dyrnesli, varamedlem, medre-

daktør for Venelagsheftet
Nils Vidar Vambheim held fram som varamedlem.

Anders Oppheim held fram som kasserar og rekneskapsførar.

Styrearbeid

Det har vore 16 styremøter, dei fleste på Teams, men vi har hatt eit styremøte i Ulvik med konstituering av styret og utarbeiding av handlingsplan. Styremøta på nett har fungert godt. Styret har i tillegg nytta kommunikasjon over e-post i handsaming av nokre saker.

Styret har drøfta stoff til Venelagshefta saman med dei to redaktørane. Det er gitt ut fire hefter sidan førre årsmøte (sjå nedanfor).

Venelagsheftet

Styremøte har m.a. vore nytta til drøfting av stoff til dei fire medlemshefta som laget gir ut to nummer av kvart år. På konstituerande styremøte vart Alf Gunnar Eritsland valt til redaktør

og Ådne Dyrnesli som medredaktør, med særleg ansvar for foto og oppsett av heftet. Heile styret har fungert som redaksjonskomité, men Alf Gunnar Eritsland har gjort eit viktig arbeid som redaktør og Ådne Dyrnesli har gjort ein stor innsats med å setta opp heftet, Samarbeidet med Allkopi har halde frem, som trykkjer heftet og sender heftet vidare ut til medlemmene.

Styret vedtok tidlegare at honorar for innlegg i Venelagshefte skal vere 2000 NOK for artikkel og 1000 NOK for mindre arbeider. Det har vi halde fast ved i dei to siste meldingsåra.

I Venelagshefte kan dei einskilde forfatarane velgje den målforma dei er fortruleg med og synes høver til teksten.

Hefte 2/24 kom rett før jul 2024, og hefte 1/25 kom i juni 2025, hefte 2/25 kom i desember 2025, hefte 1/26 kjem uti juni 2026.

Styret har i denne perioden drøfta auka bruk av foto og av fargefoto. Styret har også gjort endring av omslaget til medlemsheftet. Alle hefta frå juni 2024 til juni 2026 har hatt omslag med illustrasjon i fargar av teiknaren Kristian Krogh-Sørensen. Tilbakemeldingane frå medlemmene har vore svært positive.

Amboltprisen

På siste årsmøte vart det vedtatt nye statuttar for Amboltprisen, prisbeløp og ny Amboltprisnemnd.

Styret bestemte i møte 4. april 2024 at Geir Netland vert tildelt Amboltprisen for 2024. Grunngevinga for tildeling av prisen står uendra: den skal gå til «ein person som har arbeid

for Olav H. Hauges si diktning og gjort henne kjend».

Økonomien i laget er ikkje lenger så god som tidlegare, og styret meiner utgjeving av to Venelagshefte i året skal ha prioritet.

Heimeside for Venelaget

Styret har ikkje fått vidareutvikla heimesida slik det var tenkt. Venelaget vil gjerne kunne kommunisera med medlemmane elektronisk, men slit med å samle inn e-postadresser til medlemmane. Det gjer og innkreving av lagspengane arbeidskrevjande. Dette vonar vi kan betra seg i tida framover.

Venelaget har hatt heimeside hjå Voss Kommunikasjon, som driftar domene og e-post for same pris som vi har hatt tidlegare, om lag kr. 5.000. pr. år.

Den gamle nettsida kan ikkje vidareførast, og det vil kosta om lag kr. 10 000 å oppretta ny. Det vert søkt Hardangerstiftinga om stønad til å arbeida fram ny nettside.

Haugestiftinga

Ågot Gammersvik har vore representant for styret i Haugestiftinga, med Håkon Gjerde som vararepresentant.

Søknad om sponsorpengar

Våren 2024 søkte Venelaget forlaget Det Norske Samlaget om 17 000 NOK til støtte for å dele ut Amboltprisen. Me fekk positivt svar på søknaden, og er svært takksame for det. Det er søkt om tilsvarande støtte for 2026.

Det vart søkt Sparebankstiftinga Hardanger om støtte til arrangementet på Rossvoll 13.08.2024 med kon-

serten «Under bergfall» av Lajla Buer Storli, Berit Oppheim, Inger Tillung og Jon Ole Morken. Søknaden fekk positivt tilslag om stønad til arrangementet. Midlane vart utdelt etter at konserten var gjennomført etter innlevert rapport.

Det er søkt Sparebankstiftinga om støtte til konserten på Rossvoll 12. september 2026 til konserten «Du var vinden» med Juni Dahr, Tore Brunborg og Per Oddvar Johansen.

Vi har søkt Folkeuniversitetet i Hor-

daland om støtte til arrangementet på Rossvoll i 2024, og fekk positivt tilsegn. Det er også søkt tilsvarande støtte for 2026.

Medlemstal

I 2024 hadde Venelaget om lag 300 medlemmer, og ligg på om lag same tal i 2026. Facebook-gruppa Venelaget Olav H. Hauge har no over 8700 medlemmer, og aktiviteten frå følgjarane har vore stigande.

STYRET I VENELAGET 2024–2026

Ågot Gammersvik, leiar – aagot.gammersvik@gmail.com – tlf 91775735

Guri Hjeltnes, nestleiar – guri.hjeltnes@hlsenteret.no – tlf 45230353

Alf Gunnar Eritsland, redaktør – Alfgunnar49@outlook.com – tlf 99274225

Ingebjørg Winjum, skribar – ibwinjum@hotmail.com – tlf 40403863

Håkon Gjerde, styremedlem – hakgje1@gmail.com – tlf 90130193

Vidar Vambheim, vara – vidar.vambheim@uit.no – tlf 45219633

Ådne Sandvik Dyrnesli, vara – adne.dyrnesli@gmail.com – tlf 45245423

Anders Oppheim, kasserer og rekneskapsfører – andersko@ulvik.org
tlf 97183532 – Hjeltnesvegen 209, 5730 Ulvik

INNKALLING TIL ÅRSMØTE

Tid:

laurdag 12. september
kl. 16.00

Stad:

Olav H. Hauge sin heim,
Rossvoll i Ulvik

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og to signaturar
3. Årsmelding 2024-2025
4. Rekneskap 2024-2025
5. Kontingent for 2027
6. Val
Noverande styre:
Ågot Gammersvik, styreleiar
Guri Hjeltnes, nestleiar
Alf Gunnar Eritsland
Ingebjørg Winjum
Håkon Gjerde
Ådne Dyrnesli, vara
Nils Vidar Vambheim, vara
Framlegg til val av styre vert lagt fram på årsmøtet av valnemnda.
7. Val av kasserar: Anders Oppheim, attval
8. Val av revisor: Asbjørn Børsheim, attval
9. Val av valnemnd; Nils Vidar Vambheim, Magne Velure og Torunn Hovland Ljone, attval
10. Innkomne saker

Velkommen til årsmøtet i Ulvik!

